

Frie foredrag, søndag 21. juni kl. 09.45-11.15.

Svein Ivar Langhelle (*kl.09.45-10.15*)

Det «gode liv» på bygdene eller småby i sentrum?

Tysvær kommune som eksempel på ideal og praksis.

Er dei mogne for å bli småbymenneske (slik kommuneplanen vil det), når draumen er å leva i det grønne og opne landskapet? Med utgangspunkt i studier av Tysvær kommune dei siste 50 åra vil foredraget handla om vegen frå bondebygder, bondeidentitet og ope landskap og over til tettbygde strok og draumen om å bli småby.

«Levande lokalsamfunn» og «Liv og godt miljø i alle bygder» er slagord frå motstanden mot etableringa av Kårstø-anlegget. At slagordet framleis er aktuelle i dag, 35 år seinare, fortel også noko av kor sterke desse ideala er og kor seint tenkemåten endrar seg.

I dag er det først og fremst og over alt kommunesenteret Aksdal som er Tysvær sin møteplass. Det er helst hit folk køyrer når dei treff andre. Og meir skal det bli: Politikarane er samde om at Aksdal skal bli ein endå betre møteplass. Til og med ein småby. Då må han utviklast og byggjast ut endå meir. Samstundes som det skal satsast meir på liv i bygdene!

Det var alltid politisk semje om å satsa på bygdene, alle var samde om å spreia tilboda rundt over så alle bygder fekk sitt. Alltid ledige tomter i alle skulekrinsar. Halda på lokale møteplassar, prøva å fordela arbeidsplassane.

Under låg forståinga av at det gode livet fanst på bygdene. Mange kunne knapt tenkja seg ein betre plass for ungane å veksa opp enn i eit ope grønt landskap med beitande dyr midt i blant seg. Vakker natur med aktivt jordbruk, ro og sjelefred.

Men ideal var ein ting, praksis noko anna. Det viste seg at dei fleste ville bu i dei såkalla ytre delane av kommunen. Det var praktisk, fordi det var kortare veg til det meste. Her var det mykje lettare å treffa folk, fleire tilbod og mindre tid på vegane når ein skulle på arbeid, i barnehage eller handla.

For kommunen var det også praktisk. Det var billigare å leggja ting hit, og kommunen kunne yta mykje betre service for dei same pengane, enn om alt skulle smørjast tynt utover. Dei fleste hadde jo tilgang til bil og kunne sjølv koma seg til kommunesenteret.

For næringslivet var det også praktisk med kortare avstandar til dei som dei skulle samhandla med og mindre utgifter til transport. Særleg etter at Aksdal blei vegkrysset der dei to Europavegane møtes, «eit av Europas viktigaste vegkryss», som NHO-direktør Halvard Ween sa det.

Ideala og verdiane sa ein ting, medan handlingar og samfunnskrefter sa noko anna. Det politiske livet etter 1980 har levd litt i strid med seg sjølv. Sakte men sikkert har dei sentraliserande kreftene fått overtaket, i ei utvikling der 1990-talet på mange måtar var sjølv vendepunktet.

Likevel med stadig påminning om å «satsa på bygdene», der «det er best å bu».

Eirik Gurandsrud (kl.09.45-10.15)

Den Norske sjøtrafikksentraltjenesten.

Foredraget handler om sikring av sjøfarten, samtidig som det gir innblikk i hvordan motstridende hensyn ift. distriktspolitikk og sentralisering har skapt debatt om lokalisering av ny maritim infrastruktur.

Kjersti Dybvig (kl.10.30-11.15)

Politi i Stavanger.

I 1919 ble den første bestyreren for den nyåpnede Statens Politiskole i Oslo hentet fra Stavanger. Han het Ola Kvalsund og var politiinspektør. I 1929 kom Kvalsund tilbake til Stavanger som politimester, men ble i 1941 hentet tilbake til Statens Politiskole av Jonas Lie. Samtidig var Kvalsund først redaktør, deretter redaksjonsmedlem av Politiembdsmennenes Blad, en posisjon han hadde gjennom hele krigen.

Etter krigen kom Kvalsund til Stavanger for å få politimesterjobben tilbake. Men nå ville Justisdepartementet avsette ham for "unasjonal holdning" under krigen. Det var flere hendelser som ga grunnlag for en slik anmeldelse. Politiske arrestasjoner, flere uttalelser og en rekke dramatiske hendelser. Men Kvalsund klarte å få jobben tilbake etter en omfattende retts sak, og ble deretter sittende som politimester i Stavanger fram til 1952.

Som politimester hadde Ola Kvalsund stor makt i Stavanger. Han fikk så mye spalteplass han ville ha i Stavanger Aftenblad, klarte å overprøve både kommunestyre- og skolestyrevedtak, og bygget politistasjonen i byen om til noe som ble kalt en festning på folkemunne. Her var spanske ryttere på garasjetaket, og politimesteren selv hadde fallem på kontoret sitt, og en skrivebordsplate i stål som skulle brukes som vegg mot "bermen".

Jeg har gått gjennom mye dokumentasjon om Ola Kvalsunds politimesterperiode, og i tillegg gått gjennom alle dokumentene fra retts saken. Der har han lagt inn små lapper med kommentarer til nesten alle dokumentene, om hvordan vitner, hendelsesforløp og brev *egentlig* burde bli forstått, kommentarer som vitner om et forsøk på å styre ettermælet sitt. Jeg har også finlest lokalavisenes dekning av saken, og intervjuet flere pensjonister som direkte eller indirekte hadde tilknytning til den.

Min forskning av Kvalsund har også avdekket en rekke tidligere ukjente forhold i Stavanger. Dette gjelder først og fremst flere forhold under krigen, men også i før- og etterkrigsårene.

Ola Kvalsund var en mann med stor makt, og han brukte den langt utover de rammene som lå i hans stilling som politimester. Jeg synes derfor at han maktbruk, og maktmisbruk, burde passe inn under overnevnte tema.

Hele historien kommer i boka "Byhistoriens bakgater" bind 1, høsten 2015.

Roar Madsen (Kl.10.30–11.15)

Når starta EEC/EF/EU-striden i Noreg? Ei drøfting og ein kritikk av ein hegemonisk tradisjon i Norsk historieforskning.

Det er velkjend at EEC-/EF/EU-striden i Noreg har kløyvd og samla parti, oppløyst og skapt regjeringar, medført større endringar i valresultat, mobilisert til politisk deltaking uvand stor skala, brote opp gamle alliansar og skapt nye alliansar, politisert langt større delar av organisasjonslivet og sivilsamfunnet enn vanleg og hatt kort- og langtidsverknader på ei rad ulike område, som t.d. distrikts- og landbrukspolitikken, fiskeri- og ressurspolitikken til havs – og tilhøvet mellom norske avismedier og partia (avpartifisering). Det er ålment akseptert at kontroversane kring dette spørsmålet har vore vår lengste gjennomgåande og sterkast politisk mobiliserande konflikt i nyare tid.

Likevel har det knapt vore noko historiefagleg offentleg samtale om når denne kontroversen oppstod, og den praktiske historiografiske konsensusen er at EEC-striden oppstod hausten 1961, i etterkant av stortingsvalet. Føredraget vil kritisk diskutera denne historiografiske tradisjonen, og mellom anna hevda at han kan forklårast fyrst og fremst med ei presentistisk slagside og lite elitekritiske perspektiv. Føredraget vil mellom anna drøfta korleis historikarar kan grunngje eit startpunkt for en slik større kontrovers, og det vil argumentera for at EEC-striden i røynda var i gang iallfall seinast i 1957 – men vart «halde nede» i omfang/intensitet av tonegejvande (parti)politiske interesser.